

Oudenhuuss søndre - Sveen (gnr. 1)

Oudenhuuss: Gardmann som truleg kjem av mannsnamnet Audun, Auduns hus, Auduns gard.

Sveen: Bøyingsform av s v i d , Sve, Sveen.

Skrivemåten av Oudenhus har vore skiftande og med fleire ulike avvik.

Det er i matrikkelen av 1668 ein finn gardnamnet skrive Oudenhuuss. I registret over Tiendekorn 1604 har det forma Offunhus, og brukaren er da kalla Bjørren. Han vart da ført i gruppa for "Ødegaardsmend". Fjorten år seinare heitte brukaren Halvor, og det er da fortalt at han saman med bror sin åtte jordegods til ei ½ huds skyld i bemeldte "Oudenhuuss". Etter Akershus lensrekneskap for 1631-32 går det elles fram at Hans Rindal da fekk første bygsel på "en nyopryddet plass som ikke før har været indført i jordeboken, nordre Oudenhuus". Vidare er det i manntalet for Kopskatten 1645 fortalt at det da var to oppsittarar frå "Oudenhus", og at dei tilsaman svara den utlikna skatten for 2 "Mandfolck" og 3 "Quindfolck" med 1 mark 2 skilling.

Etter den sers pålitelege kjelda "Mandtallet for Kvegskatten 1657" var det da to omtrent like store gardar av namn "Oudenhus", og Jens var brukar på den eine garden og "Sifuer" på den andre. Der er det og fortalt at husdyrhaldet hos Jens da var: 2 hopper, 10 naut, 6 geiter og 10 sauer. Samtidig var krøterhaldet hos Syver: 1 hest, 2 hopper, 10 naut og 11 sauer. Om den mannlege arbeidskrafta på gardane fortel dessutan Mandkjønsmandtallet 1665 at med farsnamn heitte brukaren Syver egentleg Syver Iversen og var da 52 år. Brukaren Jens heitte derimot med farsnamn Jens Halvorsen og var 54 år. Ein merker seg elles at garden nordre "Ouden Huus" da vart ført i gruppa for "Halfve Gaarde", men søre "Ouden Huus" med Syver som brukar var ført i gruppa for "Ødegarde".

I 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Oudenhuuss" vidare fortalt at det da var 3 matrikulerte bruk med dette namnet. Her går vi så over til først å fortelja især om:

Oudenhus søre eller Sveen:

Ved matrikuleringa i 1668 var det framleis Syver Iversen som var eigar og brukar av "Oudenhuuss" søre. Landskylda av garden hans var 1½ hud, men ho kunne og svarast med 2 bismarkpund smør. Buskapen av store husdyr er oppgitt til 3 hestar og 16 naut, og korntienda vart utreidd med 2 tønner, som altså svara til ei årsavling på 20 tønner. Vidare er det fortalt at enga, innmarka på garden var "Temmelig goed, och Kand Rødis". Det var skog nok til gards bruk, ein liten humlehage og dessutan en seter med sommerbeite for krøtera på "Dødsetter", som truleg skulle vore skrive Døsseter. Endeleg er det og fortalt at Oudenhus hadde kvern som det var svara 8 skl. i kverntoll av. Ho låg sikkert ved Bjørnstadelva og vart kanskje brukt saman med Oudenhus nordre.

Etter atter ein mannsalder var det i 1701 kome ny brukar på Oudenhus søre: Michel Oudenhus, som da fekk bygselsedel av major Brochenhuus på 1 hud gods i "Bachen i Faaberg". Den nye brukaren Michel Oudenhus var (etter opplysningar ved G. Fliflet) gift to gonger og hadde i desse ekteskap 7 born. Dei var: a Knut, b. Gunne, c. Anne (i 1. ekteskap) og d. Amund, e. Syver. f. Anne, g. Eli (i sitt 2. ekteskap)

Fleire opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om Oudenus søre vidare fortalt at garden da tilhørte Ole Amundsen, og at landskylda av garden framleis var 1 ½ hud. Buskapen på garden var da: 2 hester, 13 naut, 15 sauer og 15 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde kring 4 tønner bygg og litt rug. Det er vidare oppgitt at garden ligg i sollia, at den var lettbrukt, og at jordarten der er god, ”dog grundlent” og ”noget tørrlent”. Det var framleis skog til brenneved og gjerdefang og dessuten ”huggtømmer”. Setra hadde berre måtelig hamn, men det var slåttar til 1 lass høy, og høyavlinga utgjorde i alt kring 21 lass. Kverna var framleis i bruk, og det er oppgitt at ho vart brukt berre til ”Huusnøtte”.

Ole Amundsen, som da var eigar og brukar av Oudenus søre, gifta seg i 1733 med Guri Olsdtr., og dei fekk i sitt ekteskap 4 born. Det var: 1. Amund f. 1734, 2. Ole f. 1735, gift 1766 med enka Kari Kval, 3. Syver f. 1742, g. 1770 m. Ane Arnesdtr., 4. Lars f. 1749, g. 1780 m. Mari Olsdtr. Saksum.

Av 1738 er ei tinglyst sak som gir fleire opplysningar både om folk og tilhøve på garden. Saka er elles etter utskrift av panteprotokollen referert slik:

”Oudenuus.

Forsikringsbrev dat. 14. april 1738 tgl. 18. juni s.å.

Ole Amundsen Søndre Oudenuus i Faaberg prestegjeld er blitt gift med Guri Olsdatter som er Ole Nielsen Mouringen og hans hustru Brynhild Engebretsdatters eneste barn. Ole Nielsen har av egne penge innløst Ole Amundsens odelsgård Søndre Oudenuus der skylder 1 ½ hudmed bøxel med 126 rd. til Peder Boel Eng som hadde den til pant for samme sum, også har han overladt ham sine løsøre midler såvidt de selv ikke behøver. Svigerforeldrene skal være i huset hos Ole Amundsen så lenge de lever og nyde føderåd.”

Ole Amundsen var framleis brukar på søre Oudenus i 1745. Man hadde da lånt 95 rd. av Peder Jensen Kindlien mot årleg lovleg rente og 1.pr. pant i ”sin eiende gård Oudenus som skylder med bøxel 1 ½ hud!. - Men fem år seinare gav i 1750 Ole Amundsen skjøte til Erland Iversen Jungerud og hans arvingar på halvdelan nemleg 9 skinn i ”hans påboende gård Søndre Oudenus for sum 300 rd.” + føderåd til gamle Anne Olsdtr. f. 1681. Samtidig lånte så kjøperen Erland Iversen 300 rd. av sorenskrivar Ziegler mot årlig lovleg rente 5% og pant i halvdelan av grd. søre Oudenus nemleg 9 skinn ”og sitt eiende løsøre”.

Plassen Svee-Stuen er omhandla i 1751. Ole Amundsen søre Oudenus og Erland Oudenus gav da bygseddell til Amund Nielsen ”på en under deres gård til og underliggende husmandsplads Svee-stuen kaldet, beliggende i gårdens hjemenger mot årlig husleie 2 rd. i årsarbeide.” – To år seinare selde og skjøta så Erland Iversen sin part av søre Oudenus, Oudenus av skyld 9 skinn, til Peder Knudsen Moe for 340 rd. og det påkvilande føderåd til Anne Olsdtr. Samtidig overtok og kjøparen Peder Knudsen eit pantelån på 300 rd. av sorenskrivar Jens Ziegler, som da budde på Lysgård.

Ole Amundsen brukte sin halvdel av Oudenus, Oudenus av skyld 9 skinn, til i 1761, da han skjøta ættegarden til eldste sonen, Amund Olsen f. 1734 gifta seg i 1759 med Beret Larsdtr. Døsen, og dei fekk i sitt ekteskap 3 born. Det var: a. Ole f. 1761, b. Lars f. 1766, og Kristen f. 1771.

Amund Olsen f. 1734 retta elles etter kvart på den økonomiske stoda på garden, og i 1764 kjøpte han såleis tilbake av Peder Knudsen Moe den andre halvparten av Oudenus søre, Oudenus av skyld 9 skinn, for kjøpesum 350 rd. Ein merker seg at Amund Olsen i dette skjøtet elles er kalla "Amund Olsen nedre Oudenus". – Frå denne tid er og ei kontrakt mellom Christen Thoresen Nordre Audenus og Amund Olsen Audenus på den eine sida og Tosten Arnesen Lexhus på den andre sida om "hugst og åvirkning oven deres gårde".

Etter dette brukte Amund Olsen f. 1734 ættegarden søre Oudenus til 1788, da han skjøta søre Oudenus av samla skyld 1 ½ hud som i 1668 over til eldste sonen, Ole Amundsen f. 1761, for kjøpesum 650 rd. og føderåd til foreldra, som baa enda var i live. – Fire år seinare var det i 1792 elles atter faren Amund Olsen som hadde heimel på garden. Han gav da skjøte på garden søre Oudenus framleis av skyld 1 hud 6 skinn til sonen Lars Amundsen f. 1766 for sum 499 rd.

Lars Amundsen f. 1766, som dermed tok over som eigar og brukar av Oudenus søre, hadde i 1790 gifta seg med Sessel Halvorsdr. Jevne, og dei fekk saman 6 born. Dei var: 1. Ole f. 1791, 2. Halvor f. 1795, 3. Berte f. 1797, død 1801, 4. Amund f. 1799, 5. Berte f. 1802, 5. Lars f. 1803.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 3 familiar på og /eller ved dette Oudenus.

Dei var:

1. familie: 1. Lars Amundsen, husbonden, 36 år, 2. Sessel Halvorsdr., kona hans, 32 år, 3. Ole Larsen, son deira, 9 år, 4. Halvor, son deira 6 år, 5. Amund, son deira, 2 år, 6. Berte dotter deira 4 år, 7. Amund Olsen, far til husbonden. føderådsman, 70 år, 8. Paul Olsen, tenestekar, 14 år, 9. Berte Paulsdr., tenestekvinne 22 år, 10. Anne Larsdr., tenestekvinne, 21 år.
2. familie: 1. Otter Pedersen, husmann med jord, 43 år, 2. Eli Svendsdr., kona hans 36 år, 3. Berit dotter deira, 7 år, 4. Anne, dotter deira, 5 år, 5. Ingeborg dotter deira 2 år.
3. familie: 1. Jacob Olsen, husmann med jord, 59 år, 2. Goro Gudmundsdr., kona hans 29 år.

Men husbonden Lars Amundsen døde alt i 1801 berre 37 år gamal. Enka Sessel Halvorsdr. gifta seg så i 1804 oppatt med skoleholder Ole Olsen Bjerke, og dei fekk i sitt samliv 3 born, nemleg: a. Marie f. 1805, b. Ole f. 1897, c. Berte f. 1810. Av same året, altså 1810, er og ei tinglyst kontrakt mellom major Weyhe på nordre Oudenus, (Audenus), og Ole Olsen Sveen på søre Oudenus om hogst m.v. i ein skogstrekning på vestsida av Rinna elv. Ein merker seg at husbonden Ole Olsen etter kvart går over til å bruke namnet O l e S v e e n.

Litt om storleiken på garden i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg 1819. Der er det om matr.no. S v e e n oppgitt at buskapen av store husdyr på garden da var 4 hestar og 16 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 60 tønner. Av år 1819 er og ei skjøns- og takstforretning over Sveen Sag av takstmenn som var oppnemnde av fogden.

Sju år seinare var i 1826 husbonden, som da er kalla Ole Olsen Sveen, død, og det var skifte etter han. Samtidig fekk så odelsarvingen Larsen Larsen f. 1803 skjøte på grd. "Sveen eller Oudenus".

Den nye husbonden på garden, Lars Larsen f. 1803, gifta seg i 1826 med Berte Eriksdtr. Hauger f. 1802, og dei fekk i sitt ekteskap 3 born. Det var: a. Sergine f. 1827, b. Ole f. 1830, g.m. Nikoline Børresdtr. Feiring, c. Bernt f. 1836.

Ved matrikuleringa i 1838 vart den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Matr.no. 1 i Fåberg: "Sveen eller Audenus" fekk da som si nye matr.skyld: 7 skylddalar 2 ort, og det var framleis Lars Larsen som var eigar og brukar av Sveen. I Lars Larsen si brukartid fekk han elles i 1855 skjøte frå Anders Andersen på nordre Audenus på halvdelen i "Sagbruget Sveen-Saugen, der er oppført på denne Gaards Grund", og kjøpesummen for halvparten av saga var 20 spd. Fire år seinare skjøta så faren Lars Larsen garden Sveen over til sonen Ole Larsen for kjøpesum 1 600 spd. + for div. lausøyre 300 spd. I samband med denne handelen lånte kjøparen Ole Larsen Sveen ein sum av 1 000 spd. av Even Olsen Kval.

Fleire nyare opplysningar om gardane vart publisert i 1865 i samband med folke- og jordbrukstellingane. Der er det om "Sveen eller søre Oudenus" oppgitt at det samla jordbruksareal av åker.eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 297 mål, og av dette var 107 mål jord av 1. klasse. Vidare er det oppgitt at det samla krøterhaldet i Sveen med husmannsplassar da utgjorde 4 hestar, 20 storfe og 43 småfe, og den årlege utsæd av korn var kring 13 ½ tønner og av settepoteter kring 14 ½ tønner,

År 1886 kom den lenge forebude nye norske matrikkelsen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. "Sveen el.Audenus" fekk da som sitt nye gardsnr. nr. 1 brn.1 av samla ny skyld: 15,58 mark, og det var Ole Larsen som framleis var eigar og brukar av garden.-

Men elleve år seinare gav i 1897 Ole Larsen Sveen skjøte på grn. 1.brn. 1 Sveen til brukseigar F. Fischer, Gjøvik, for kjøpesum kr- 31 225,- + føderåd til Ole Larsen Sveen og hustru Nikoline Børresdatter, eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 3 750,- Dessuten er det opplyst at det medføljande lausøre ved handelen vart taksert til kr. 1 525,-. Fem år seinare makeskifta så F. Fischer til J. Kværum garden Sveen i Fåberg mot garden Vaarnæs i Vardal, og det er opplyst at kvar av gardane da vart verdsett til kr. 30 000,-. Etter atter 4 år selde elles Jens kværum grn.1 brn 1 Sveen vidare til Iver Søhus for kjøpesum kr. 25 000,-. Etter dette budde det ved kommunevalet i 1907 fem personar med røysterett i og/eller ved Sveen. Dei var: 1. føderådsmannen Ole Larsen Sveen, 76 år, 2. Nikoline Børresdtr., kona hans, 71 år, 3. gardbr. Ivar Søhus, 37 år, 4. husmor Gjertrud Søhus, kona hans, 34 år, 5. dagarbeidar Stener Berntsen, 28 år.

Frå dette året vart elles garden Sveen i Vingrum etter kvart utparsellert i fleire bruk. Den 2. novbr. 1907 vart såleis parsellen grn. 1 brn. 2 Sandvold fråskilt garden og i 1912 selt til Olaf Sandvold for sum 500,- kr. Av andre handlar i nyare tid med grn. 1 Sveen da av skyld 6.43 mark. Samtidig fekk og Olaf Sandvold skjøte på grn. 1 brn. 4 Strandli av skyld 0,60/mark. og lærer Tvete kjøpte brn. 5 Vangen av skyld 0,70 mark. Ved same utparsellering fekk og Edvard Berntsen skjøte på brn. 6 Bakke av skyld 0,60 mark, og broren Anton Berntsen tilhandla seg samtidig bra. 7 Sveastuen av skyld også 0,60 mark. Endeleg overtok ved sam utparsellering Fåberg kommune grn. 1 brn.8 Svealien m/seter og sameieskog av skyld 6.00 mark. Sytten år seinare skjøta i 1936 foreldra August Lien og hustru Sofie Olsdtr. f. Sveen ættegarden over til sonen Magnus Lien f. 1897, g. 1933 m. Ruth Johannesen.

Etter dette var det ved jordbruksregisteringa av 1939 fire bruk under grn. 1 Sveen med kvar for seg sit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Det var: a. Grn. 1 brn. 1 Sveen med eit jordbruksareal på ca. 150 mål, som Magnus Lien framleis var eigar og brukar av, b. brn. 4 Strandli, jordbr. areal ca. 20 mål, som Bernt Olsen Strandli var eigar og brukar av, c. brn. 5 og 6 Bakke, jordbr. areal ca. 35 mål som Albert Bakke var eigar og brukar av, d. grn. 1 brn. 7 Sveastuen, areal ca. 18 mål, eigar og brukar: Anton Berntsen.

I den tid damskipet "Lillehammer" gjekk i rute mellom Gjøvik og Lillahammer, var det brygge og stoppested her ved Sveen i Vingrum. Når vatnet var for lite så skipet ikkje kunne legge til brygga, tok det stopp lengre ute, og ekspeditøren rodde passasjerar og varer til og frå med robåt.